


Biletet av kisteloket. Utlånt av Ingjerd Leiro.

# STØL-ANNA-KISTA

## Johannes R. Leiro f. 1911 - d. 2006

*(Avskrift av det som er brent inn på innsida av loket på Støl-Anna-Kista, som no er i California)*

Denne kista var måla i 1874, men sjølve kista kan vera mykje eldre. Det var målaren som for kringom og tok målar-arbeid. Me kan endå finna kistor som er måla av same målaren på mange gardar i Modalen. Ei slik kiste var ein verdifull eignelut for den som åtte den. Der gøymde dei finaste klærne sine, laga av

heimeavla og heimespunne lin og ull. I leddiken hadde dei syljer, spenne, belte og fine sjal. Hadde dei pengar, som var dei og gjerne lagde der.

Anna Johannesdotter Nummedal var dotter til Johannes Rasmusson Nåmdal og kona Inga Olavsdotter Farestveit. Anna miste mor si då ho var 3 år gamal. Året etter gifte faren seg opp att med Ragnhild Johannesdotter Gullbrå. Dei budde på ein plass dei kalla Stølen. Difor vart ho Anna kalla Støl-Anna. Ragnhild fekk 7 born. Tre av gutane reiste til Amerika.

1. Johannes gift med Brita Ivarsdotter Øvre Helland.
2. Simon, som vart prest i Minesota. Han og kona hadde 14 døtre og ingen son.
3. Jakob var ugift. Han var mellom anna i California på gullgraving.

Ei av døtrene til Ragnhild var Helga. Ho vart gift med Johannes Olavsson Haugen frå Eksingedalen. Han var handelsstyrar på Eidslandet, men hugen hans stod til gardsbruk. I 1882 sa han opp stillinga si i handelslaget og kjøpte heile garden Leiro. Som skikk og bruk var, tok han namnet etter garden, og skreiv seg for Johannes Leiro. Støl-Anna, som var tenestegjenta, kom til halvsyster si på Leiro for å tena hjå dei. Anna var lettliva og glad til sinns, ho var liti på vekst, tunnvaksen og lett, men uvanleg sterk og seig. Ho var flink til å arbeida. Det var mange gutar som gjerne vilde havt henne til kona, men når dei nemnde noko slikt, då trekte ho seg alltid tilbake.

På Leiro var det rikeleg hamnegang, so dei tok hyrekyr om sumaren. Gardbrukarane på Flatøy leigde hamnegang for krøtri om sumaren. Som løn for arbeidet skulle Johannes og Helga hava halve sumardrotten og eigarane frå Flatøy den andre halvparten. Dei rodde då dei 5 – 6 norske mil innover Osterfjorden til Eidslandet kvar 2 - 3 veke og henta smør, ost,brim og surmjølk.

Eg kan hugsa det gamle ”ryggjabytte” som Anna bar mjølki heim frå fjellet i. Det måtte vega 40 – 50 kg når det var fullt. Mange gonger var kyrne så langt inne på fjellet at det tok ein heil time å gå der til og ein time heimatt med mjølkebyrda på ryggen. Mellom mjølkingane hadde ho kinning og ostelaging, for det meste gamalost, og brimkoking. Ho hjelpte og til med onnearbeidet. Ho slo, raka og hesja, både på heimebøen, i ”teigane og i fjellslåttene.

Eg kjenner ingen som hadde så lite av jordisk gods som ho Støl-Anna. Men heller ingen som var så fornøyd med det ho hadde. Utanom brillene og klærne ho gjekk i, so var denne kista den einste eigneluten som vart kalla hennar. Ho var hjå Johannes og Helga til sin døyande dag. I 1929 sovna ho inn, stilt og roleg som ho hadde levt, 91 år gamal. Med dette lyser eg fred yver minnet hennar Støl-Anna.

Johannes og Helga hadde 5 born – alle gutar: Olav, Johannes, Reinert, Jakob, Andreas.

Johannes var fødd i 1853 og døydde 1939, 86 år gamal. Helga var og fødd i 1853. Ho døydde i 1949, 96 år gamal.Sonen Reinert var gift med Inger Larsdotter Åsheim frå Haus. Dei tok yver garden i 1915. Det var same arbeid og slit for å

vinna ut levebrødet på fjellgarden som det var for dei tidlegare generasjonar. Tidi måtte nyttast vel, so Inger tok og strikkearbeid med seg medan ho gjekk for å mjølka. Reiner og Inger hadde 4 born: Johannes, gift med Aslaug Monsdotter Nævdal. Snikkar. Lars, gift med Kari Sjursdotter Ringheim. Han var fyrst stortingsmann, og seinare fylkesmann i Hordaland og Bergen. Helga, gift med Nils Eirikson Øvsthus. Anna, seinast gift med Andrew Kjos, Oslo. Anna døydde i 1975, 54 år gsmal. Johannes og Aslaug hev ein son, Håkon. Han er gift med Kirsten Einarsdotter Heum, Oslo. Dei hev to gutar, Andre og Armand. Anna fekk kista etter Støl-Anna. Ho tok den til Oslo. Men kista for ille. Lykjelen kom bort, so dei braut sund loket. Einkvan prøvde å laga eit nytt lok, men det passa dårleg. Håkon fekk kista av Anna. Han tok den til California. Johannes, far til Håkon, laga nytt lok med hengslene uppå loket, sette inn eit nytt stykke i botnen, då det var litt mott i botnen. Ny leddik vart sett inn, då den gamle var slegen ut. Ei botnrama eller fot vart sett under botnen. Byrdilar i endane til å lyfta kista etter vart laga. Til slutt måla han loket og foten so likt den gamle målinga som råd var. Innvendig bvart kista åpussa og fekk eit støk med sjellakk. Reinert døydde 22. april 1979, 91 år gamal. Inger døydde 18. september 1984, 93 år gamal.